Avdeling for rusmedisin sine oppgåver er mellom anna å gjere ei vurdering av pasientane sine rettar til nødvendig helsehjelp, og å medverke til å finne eigna tilbod om behandling innan rushelsetenesta. Avdelinga tilbyr òg behandling i døgninstitusjon for dei som ligg under for rus og anna misbruk. I 2011 var det 17.777 opphaldsdøgn. Ved poliklinikkane var det til saman 9878 polikliniske konsultasjonar.

Eininga har og etablert ein Seksjon for forskning, fagutvikling og undervisning. Avdelinga er òg involvert i helsefremjande og førebyggjande arbeid gjennom Norsk nettverk for helsefremmende arbeid (Norsk HPH).

Psykiatri

Psykisk helsevern i Helse Bergen vert gjeve i Psykiatrisk divisjon og på Voss sjukehus.

Tilbodet til barn og unge vert gjeve frå Klinik for psykisk helsevern for barn og unge og BUP Voss. I 2011 vart 4075 barn og unge behandla ved desse einingane. Dette utgjer 5 prosent av alle born og unge mellom 0 og 18 år, og føretaket har dermed i 2011 nådd målet sentrale styresmakter har sett for denne verksemda.

Nærare 95 prosent av dei som var i kontakt med tenestene våre fekk poliklinisk behandling. Dette er og i tråd med nasjonale føringar. I 2011 vart det gjennomført i overkant av 51.000 konsultasjonar, ein auke på 4600 konsultasjonar (8 prosent) frå 2010.

Barn og unge som har trong for hjelp skal få det så raskt som mogleg. Dette er og uttrykt gjennom den vurderingsgarantien og ventetidsgarantien som er gjeven. I 2011 var det svært få barn og unge under 18 år som ikkje fekk eit tilbod innan gjeldande fristar. Ved utgangen av 2011 var det 276 barn og unge under 18 år som venta på behandling. Av desse hadde 80 prosent rett til nødvendig helsehjelp. Ventetida for denne gruppa var i snitt 42 dagar, noko som er godt innanfor dei fristar som er gjevne. For dei barn og unge som er vurderte til å ha behov for anna helsehjelp, er ventetida høgare (90 dagar). Dette er likevel ein reduksjon frå 2010.

I 2011 starta bygginga av eit nytt Senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP). Dette vil vere med på å sikre gode rammer for tenestene i framtida.

Innan vaksenpsykiatri vert tilbodet gjeve gjennom seks klinikkar i psykiatrisk divisjon og i poliklinikk/dagavdeling på Voss sjukehus. Psykiatrisk divisjon har 3 DPS: Bjørgvin DPS, Kronstad DPS og Øyane DPS. Vidare er det tre sjukehusklinikkar: Psykiatrisk klinik, Klinik for psykosomatisk medisin og Klinik for sikkerhetspsykiatri.

I 2011 fekk Øyane DPS nye lokale. Dermed er det poliklinikk, ambulante tenester, dag- og døgntilbod tilgjengeleg for innbyggjarane i kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.

Bruk av korridor plassar innan akuttpsykiatri er markert redusert i 2011. Utfordringar knytt til utskrivingsklare pasientar har og i 2011 vore problematisert. For å unngå korridor plassar har føretaket sett det som nødvendig å etablere Bergen bosenter med 20 plassar for utskrivingsklare pasientar som høyrer til Bergen kommune. Dette tiltaket har ført til betre utnytting av den kapasiteten som er stilt til rådvelde.

I 2011 var det samla 3300 pasientar som fekk tilbod ved døgneiningane, 2092 i sjukehus og 1239 ved DPSa. Samstundes var det 6221 pasientar som fekk polikliniske tilbod, storparten ved DPSa (91 prosent). Talet på polikliniske konsultasjonar har og vist ein kraftig auke frå 2010 til 2011, ein auke på nærare 20 prosent til 59.000 konsultasjonar.

I tillegg til at det er utført fleire konsultasjonar er det og færre pasientar som ventar og ventetida er redusert.

Ved utgangen av 2011 venta 412 personar på eit tilbod. Dette er ein nedgang på 16 prosent frå sist årsskifte. Av desse hadde 75 prosent rett til nødvendig helsehjelp.

Ved utgangen av 2011 var gjennomsnittleg ventetid for dei pasientane som har rett til nødvendig helsehjelp 37 dagar. Dette ligg klart innanfor dei krav lov og regelverk stiller. For dei med behov for helsehjelp var talet 116 personar. Ventetida for dei med behov for helsehjelp har hatt ein markert nedgang i 2011.

Forsking

Forsking er ein av dei fire hovudoppgåvene for helseføretaka. Medisinsk og helsefagleg forsking er eit viktig verkemiddel for å sikre gode og likeverdige helsetenestetilbod av høg kvalitet. Forskingsbasert kunnskap er ein del av grunnlaget for både politiske og faglege tiltak og i evaluering av desse tiltaka. Forsking er også grunnlaget for høg kvalitet i utdanning av helse- og sosialpersonell og for kompetanseheving etter avslutta utdanning. Nytt er det at både behovsdriven og forskingsdriven innovasjon er sett på dagsordenen av Helse- og omsorgsdepartementet.

Den siste ressursmålinga i Helse Bergen viste ein svak auke i talet på årsverk til forsking og forskingsbasert utviklingsarbeid. Årsverka til forsking utgjer om lag 3,1 prosent av det totale talet på årsverk i føretaket og omfattar vel 750 personar. Den totale ressursbruken til forsking er vel 3 prosent av totalbudsjettet til Helse Bergen. Framleis har Helse Bergen færre forskarårsverk i forhold til storleiken enn dei andre store universitetssjukehusa i Noreg.


Noregs forskingsråd gjennomførte i 2011 ei fagevaluering av forskinga i biologi, medisin og helsefag. Fagevalueringa omfattar helseføretaka, universitets- og høgskolesektoren i tillegg til instituttsektoren. Helse Bergen leverte inn eignevalueringa si til Noregs forskingsråd i desember 2010. Dokumentet viser at det har vore ei svært god utvikling av denne verksemda ved universitetssjukehuset. Dei største utfordringane, slik helseføretaket såg det, er behovet for å styrkje både forskingsdriven- og behovsdriven innovasjon og det nye omfattande biobankarbeidet.

I 2011 innførte alle helseføretak forskingsdokumentasjonssystemet Cristin, Current Research Information System in Norway. Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning har ei sentral rolle i arbeidet som regional koordinator, og har gitt råd til alle helseføretaka når dei har implementert systemet. Det har vore arrangert tre regionale heildagsseminar i implementeringsfasen, i tillegg til fleire føredrag og andre formidlingstiltak. Fullskala prøverapportering for 2010 vart gjennomført hausten 2011, og viser at implementeringa har vore vellukka.

Dei kliniske forskingspostane for barn og vaksne, er utprøvingseiningar som fremjar, koordinerer og utfører kliniske studiar - med prioritering av den tidlege fasen. Einingane har fått styrkt personalsituasjon og er flytta inn i nytt areal med avansert utstyr i 2011. Dette gjer det mogeleg å gjennomføre fleire kliniske studiar parallelt. Forskingsposten har opparbeidd seg verdifull kompetanse innan god klinisk utprøvingsspraksis (GCP) og held regelmessig kurs med stor deltaking slik at kvaliteten i verksemda er høg og tryggleiken for forsøkspersonane er sikra. Det vert utført kliniske utprøvingar for forskarar tilsette i helseføretaket, i tillegg til oppdrag frå industrien. Helse Bergen har òg vore leiande i arbeidet med å etablere det nasjonale nettverket knytt til European Clinical Research Infrastructure Network (ECRIN) og i det nasjonale nettverket for bruk av legemiddel hos barn. I 2011 er det utarbeidd standardiserte forskingsrutinar for utprøvande behandling tilpassa norske forhold basert på den internasjonale Standard Operation Procedures (SOPer). Desse rutinane er tekne i bruk og lagde ut i elektronisk kvalitetshandbok i helseføretaket.

Klinisk- og translasjonell forskning er prioritert i Helse Bergen. Klinisk forskning er verksemd nært knytt til diagnose, behandling og prognose for einskildpasientar eller vanlegast grupper av pasientar. Translasjonell forskning er "samarbeidsforskning eller overføringsforskning". Det handlar om samhandling mellom grunnforskning og klinisk forskning. Ein ønskjer effektiv overføring av ny kunnskap, mekanismar eller teknikkar innan førebygging, diagnostikk eller behandling av sjukdom med betre helsetilstand som resultat. Translasjonell forskning handlar også om korleis ein kan overføre forskning til klinisk praksis. Det betyr korleis ein kan sikre at ny behandling og kunnskap verkeleg når dei pasientane eller pasientgruppene som slik kunnskap var tiltenkt. Implementering er ein del av denne verdikjeda.

Tabellen under viser fordelinga av Helse Vest sine forskingsmidlar på fagfelt i 2011.
 Figur 1: Forskingsmidlar etter fagfelt - intervensjonsstudium og andre studium (mill. kroner)



Mental Health, Cancer, Neurological er dei største fagfelta, og prosjekt innanfor desse tre fagfelta har i underkant av 60 % av Helse Vest-midla som vert tildelte gjennom Det regionale samarbeidsorganet.

Forskningsprosjekt innan fagfeltet «Mental Health» i 2011 har hatt ein kraftig auke i talet på rapporterte vitenskaplege artiklar, noko som tyder på at den mangeårige strategiske satsinga på psykisk helse etter kvart vert omsett i betydeleg forskingsproduksjon. Satsinga starta opp i 2006/2007.

Personvernombodet i Helse Bergen ser til at krav frå styresmaktene til forskningsprosjekt og kvalitetsregister vert tekne hand om på ein god måte. Personvernombodet vart styrkt med ei stilling i 2011. Det er implementert internkontrollrutinar for forskning i Helse Bergen. Rutinane vart utarbeidde i lag med Universitetet i Bergen. Helse Bergen har som ein del av oppgåva si med regional kompetansespreiing gjeve støtte til dei andre helseføretaka i Helse Vest og høgskulane i regionen. Det vart sett i verk evaluering og revisjon av internkontrollsystemet i 2011. Personvernombodet tek del i utvikling av eit e-læringskurs i helseforskning i regi av kunnskapsbiblioteket.

Fokus på brukarmedverknad er viktig i den helsefaglege forskinga, noko som er i tråd med HOD sine føringar. I 2011 har Helse Bergen oppretta ei tematisk satsing på helsefagleg forskning som rettar seg mot pasientrapporterte data. Målet med satsinga er å sikre tilstrekkeleg forskingskompetanse innan helsefaga i føretaket, utvikle og halde på helsefaglege tilsette med master- og doktorgradskompetanse, auke rettleiarcompetansen på dette nivået, og i tillegg fremje pasientnær klinisk forskning. Satsinga famnar breitt og mange ulike typar prosjekt kan inngå. Prosjekta vert utførte av ulike helsefaggrupper, på dei fleste kliniske fagområde og ved hjelp av ulike forskingsmetodar. Då satsinga starta opp, hadde føretaket fem tilsette med doktorgradskompetanse i hovudstilling og ingen med professorkompetanse innan helsefaga.

Desse fem forskarkompetente utgjør programkomiteen for satsinga. Styringsgruppa vert leidd av viseadministrerande direktør i føretaket. Sju kortvarige forskingsstipend vart utlyste og tildelte i 2011. Det er oppretta ein god infrastruktur ved seksjon for forskning og innovasjon. Forskingsmøte vert haldne kvar veke, og det vert arrangert ulike kurs for stipendiatane som også er opne for andre. Gjennom satsinga samlar ein miljøa rundt eitt program for å gjere miljøa meir robuste og attraktive. Dette gjev høve til å styrkje/byggje opp svake miljø og gje vidare vekst i etablerte miljø.

Fagsenter for kvalitetsregister har starta eit gjennomgripande arbeid med å leggje til rette for god utvikling, drift og nytteverdi av kvalitetsregistra som er forankra i Helse Vest. Det er gjennom eit nasjonalt samarbeid etablert ei felles teknologiplattform for nasjonale register, og halvparten av dei nasjonale registra forankra i Vest er no i vellukka drift på denne plattformen. I tillegg støttar senteret fagmiljø med å starte nye register, og dessutan ved å leggje til rette for god drift av eksisterande register med omsyn til analytiske problemstillingar, konsesjonsproblematikk og regionalt og nasjonalt registerfagleg samarbeid. Det er åtte nasjonale register. Ytterlegare fem er anbefalt å få nasjonal status frå 2012.

Helse Bergen har utarbeidd handlingsplan for innovasjon og deltek i regionalt arbeid gjennom det relativt nyetablerte regionale nettverket. Det er sett av auka ressursar til arbeidet. Nokre av innovasjonsprosjekta har vist god framgang. Det er etablert rutine for gjennomgang av forskningssøknadar til Helse Vest med tanke på å hente ut mogleg innovasjonspotensiale i desse søknadane. Alle forskningssøknadene er skanna etter innovasjonspotensiale.

Statistikarane ved seksjon for forskning og innovasjon arrangerte i 2011 to kurs i avanserte statistiske metodar, med inviterte føredragshaldarar. I tillegg har senteret teke initiativet til ein ny felles fagleg seminarserie kalla Bergen biostatistiske seminar (Bbiss) som i samarbeid med miljøa ved institutt for samfunnsmedisinske fag, bioinformatikk, matematisk institutt og Uni-Helse arrangerte fem seminar i løpet av hausten med topp kvalifisert ekspertise utanfrå. Vidare har statistikarane ved seksjonen halde seminar og førelesingar for mindre faggrupper i Helse Bergen og ved dei andre føretaka i Helse Vest. Seksjonen heldt og ved lag eit nettverk av 20 biostatistikarar som arbeider ved ulike einingar i føretaka i Helse Vest. Slik nettverkbygging er viktig for å spreie den metodiske kompetansen til forskingsmiljøa i føretaka.

Utdanning

Utdanning er ei av hovudoppgåvene til Helse Bergen og er eit strategisk viktig område for å sikre tilstrekkeleg kompetanse og framtidig rekruttering.

Nærare 2000 studentar og lærlingar frå universitet, høgskular og vidaregåande skular har hatt praksisstudium ved føretaket i 2011. Undervising og rettleiing av studentar har vore utført i nært samarbeid med høgskular og universitet.

I 2011 har det vore ei spesiell satsing på god rettleiing og opplæring av turnuskandidatar i medisin. Talet på kandidatar er auka og nytt dette året har vore at det også vart tilbydd

turnusopplæring i fagområdet psykiatri. Ytterlegare auke i talet på turnuskandidatar til totalt 49 kandidatar er planlagt i 2012.

Ei rekkje seminar, kurs, rettleiingar og prosjekt er gjennomførde for å sikre tilstrekkeleg kompetanse i føretaket. På undervisningssenteret er det gjennomført 442 kurs med totalt 8541 deltakarar og det er gjennomført totalt 14 091 e-læringskurs.

Vidareutdanning av medarbeidarane er viktig for å byggje opp den kompetansen Helse Bergen har bruk for i framtida. Fleire tiltak er sette i verk for å styrkje spesialutdanning av tilsette på utsette område. Det er difor gledeleg å sjå ein liten auke i opptaket til dei kliniske vidareutdanningane i sjukepleie til akutt og kritisk sjuke og tilskot til dette er auka endå meir i 2012.

Kompetanseutveksling mellom Helse Bergen og dei nærliggjande kommunane er eit viktig satsingsområde. Tilsette frå kommunane har også i 2011 fått opplæring og hospitert i føretaket når dei har hatt behov for det. Ordninga med felles utdanning av helsefagarbeidarar er vidareført i fleire av dei nærliggjande kommunane.

Opplæring av pasientar og pårørande

Kompetanse om sin eigen sjukdom og situasjon er ein føresetnad for å gjere rette val og meistre kronisk sjukdom eller funksjonsnedsetjing. I arbeidet med opplæring av pasientar og pårørande er det eit mål å fremje sjølvstende, tryggleik og evne til å meistre sitt eige liv. I all pasientopplæring er det eit viktig mål å trekkje inn den erfaringa som brukarorganisasjonane har. Opplæring av pasientar og pårørande går i stor grad føre seg i dei ulike avdelingane på sjukehusa og er ein integrert del av behandlinga, både i éin-til-éin samanheng og i grupper.

Helse Bergen har to lærings- og meistringssenter (LMS), eitt på Voss og eitt i Bergen. LMS i Bergen vert drive i eit samarbeid mellom Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sjukehus. Lærings- og meistringssentra skal bidra til utvikling og koordinering av sjukehusa sine gruppebaserte meistringstilbod og å kvalitetssikre og marknadsføre dei i nært samarbeid med brukarorganisasjonane. I 2011 har klinikkane gjennomført over 300 dagar med lærings- og meistringskurs for 56 ulike diagnoser. Nokre kurs går over fleire dagar, andre varar nokre timar. Evalueringane til deltakarane av dei gruppebaserte tilboda viser at dialogen med helsepersonell, erfarne brukarar og andre deltakarar er viktig for å meistre livet med ein kronisk sjukdom eller ei funksjonsnedsetjing

Omfanget av kroniske sjukdommar aukar i Noreg og stadig fleire menneske lever med plager som ikkje kan lækjast. Medisinsk behandling kan ikkje alltid løyse alle helseproblem. Samarbeid med dei nærliggjande kommunane om utvikling av opplæringstilbod i til dømes diabetes, KOLS og overvekt har difor vore viktig i 2011 og dette arbeidet vil verte vidareført i 2012.

I 2011 er det tilrettelagt for auka bruk av trening for pasientgrupper der trening er like viktig som medisinar i behandlinga. Eige treningsrom er etablert til dette føremålet.

Arbeidsmiljø

Alle einingar i Helse Bergen kartlegg helse, miljø og tryggleik årleg (HMT), vurderer risiko og utarbeider HMT-handlingsplanar med målretta tiltak. I 2011 vart kartleggingsspørsmåla for første gong distribuert elektronisk til alle tilsette. Einingane går vernerundar, og gjennomfører korrigerande tiltak etter kvart. HMT-aktiviteten vert behandla i arbeidsmiljøutvala til einingane. Arbeidsmiljøutvalet til føretaket (FAMU) behandlar ein oppsummerande rapport om det systematiske HMT-arbeidet i føretaket kvart år.

Uønskte hendingar, inkludert nestenuhell og hendingar med skade på arbeidstakarar, vert melde og følgde opp i det elektroniske avvikssystemet til føretaket. I 2011 har det vore særleg fokus på opplæring i og bruk av systemet for å sikre betre rapportering og behandling av uønskte hendingar. Rapportar over uønskte hendingar vert behandla i arbeidsmiljøutvala i einingane og i arbeidsmiljøutvalet til føretaket. I 2011 vart det rapportert 451 uønskte hendingar med skadar på arbeidstakarar.

HMT-systemet er dokumentert i styrande dokument i føretaket. I 2011 vart det gjennomført 31 interne revisjonar av HMT-systemet for å sikre at systemet fungerer som planlagt. Felles tema for revisjonane var oppfølging av den årlege HMT-kartlegginga, behandling av uønskte hendingar, arbeidsmiljøutvala og arbeidet til verneomboda. I tillegg vart det revidert på utvalde tema som for eksempel systematisk arbeid med ergonomi, oppfølging av sjukefråvær, førebygging av vald og truslar om vald, medisinsk-teknisk utstyr og el-tryggleik.

Helse Bergen er IA-verksemnd og har system for oppfølging av tilsette som er sjukemelde eller som står i fare for å verte det. Sjukefråværet i føretaket var totalt 7,9 prosent i 2011, 7,9 prosent i 2010 og 8,1 prosent i 2009. Ein større analyse av sjukefråværet vart gjennomført i 2011, og det vart vedteke målretta tiltak for å følgje opp grupper og einingar.

I 2011 har det vore stort fokus på opplæring i oppfølging og tilrettelegging for sjukemelde. I tråd med gjeldande forskrift har det, når ein person har vore sjukemeld i lengre tid, vore gjennomført dialogmøte mellom leiar og den sjukemelde. HMT-senteret har delteke som bedriftshelseteneste.

Helse Bergen har eit særleg fokus på tilrettelegging for gravide arbeidstakarar som står i fare for å verte sjukemelde. Det vart gjennomført eit prosjekt der føretaket ville prøve ut om tettare oppfølging kunne bidra til at gravide arbeidstakarar står lenger i arbeid. Resultata vart så gode at føretaket har tilsett ei «jobbjordmor» i HMT-senteret, for å kunne følgje opp denne gruppa tilsette vidare.

Helse Bergen har som mål å vere ein helsefremjande arbeidsplass, og eit av dei strategiske satsingsområda i dette arbeidet er fokus på levevanar, livsstil og fysisk aktivitet. Helse Bergen og Haukeland Sykehus Idrettslag (HSI) har i 2011 inngått ein samarbeidsavtale om å tilby tilsette tiltak for trening og aktivitet. Hausten 2011 har ca. 110 tilsette delteke i tiltaket "Føre var", som er eit gruppebasert treningsopplegg for tilsette med mellom anna risiko for belastningsskadar.

Føretaket har arbeidd aktivt for å følgja arbeidstidsreglane i arbeidsmiljølova, og det er sett i verk tiltak for å førebyggje brot på lova, spesielt når det gjeld turnusarbeid. Dette arbeidet skal vidareførast i 2012.

Helse Bergen deltek i eit samarbeidsprosjekt med ein leverandør av baderomsløysingar for å utarbeide og prøve ut løysingar som gjev betre ergonomiske forhold både for dei tilsette og pasientane. Prosjektet er støtta av Innovasjon Norge.

Føretaket arrangerte i 2011 sju interne kurs i samsvar med kravet om HMT-opplæring for leiarar, verneombod og medlemmer av arbeidsmiljøutvala.

HMT-senteret er bedriftshelsetenesta til føretaket og er godkjent etter plan. Etter planen skal HMT-senteret tilsetje ein bedriftslege i 2012. HMT-senteret leverte tenester etter forskrift om godkjent bedriftshelseteneste, mellom anna vaksinerings av tilsette, MRSA-prøvetaking, arbeidsplassvurderingar, yrkeshygieniske kartleggingar og målingar, kartlegging og oppfølging av det organisatoriske og psykososiale arbeidsmiljøet og oppfølging av risikogrupper. Det er 14 tilsette i HMT-senteret, blant dei miljørådgjevar, bedriftssjukepleiar, bedriftsfysioterapeutar, yrkeshygienikarar og jobbjordmor.

Likestilling

Helse Bergen har som mål å arbeide med å fremje likestilling og hindre diskriminering, og å integrere dette i den daglege drifta til føretaket, i lønspolitikken og i utviklingsarbeidet. Dette kjem mellom anna til uttrykk i arbeidet med rekruttering, deltid, tilrettelegging og lønnsforhandlingar. Helse Bergen skal arbeide for ei best mogleg fordeling av kjønn i stillingar på alle nivå i føretaket, likelønn, heiltidsarbeid, ein individorientert livsfase- og seniorpolitikk, rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn, arbeide for mangfald og integrering, og at tilsette med nedsett funksjonsevne skal kunne arbeide i sjukehuset.

Pr. desember 2011 var det 11 505 tilsette i Helse Bergen, 74,4 prosent kvinner og 25,6 prosent menn. Av 521 leiarar i føretaket er 64 prosent kvinner og 36 prosent menn.

Likelønn er tema i samband med førebuingar til og gjennomføring av lønnsforhandlingar. På bakgrunn av utarbeidd kjønnsdelt lønnsstatistikk, er det ikkje funne systematiske kjønnsforskjellar i dei ulike tariffområda. Nokre få enkelttilfelle vart følgde opp med arbeidstakarorganisasjonane i samband med lønnsforhandlingane 2011.

Arbeidet med å auke talet på heiltidstilsette medarbeidarar, har hatt utgangspunkt i krav frå Helse- og omsorgsdepartementet. Målet har vore å etablere flest mogleg heiltidsstillingar og å ha så få mellombelse stillingar som mogleg.

Føretaket utarbeidde i 2008 ei rettleiing om uønskt deltid og førerrett til utvida stilling for deltidstilsette. Rettleiinga klargjer føretaket si målsetjing og forventningar til leiarar og tilsette når det gjeld deltid, og sikrar at fortrinnsretten vert handtert på ein god måte og i samsvar med arbeidsmiljølova.

I arbeidet med å redusere deltid er det i dialog med arbeidstakarorganisasjonane etablert følgjande tiltak:

- eit elektronisk system der dei deltidstilsette registrerer ønskja sine og som leiarane skal behandle etter kvart
- ein rutine for at deltid skal inngå i arbeidet med arbeidsplanar
- ein rutine for å finne løysingar i samarbeid mellom einingar i den enkelte avdeling, andre avdelingar eller bemanningssenteret til føretaket, og vurdere om det er mogleg å kombinere stillingar med ulike oppgåver
- ei «traineeordning» med fast tilsetjing i 100 prosent stilling og arbeide ved ulike avdelingar i føretaket
- fleire spesifikke prosjekt knytte til utvalde einingar
- ein gjennomgang av permisjonspraksis med sikte på redusert bruk av deltid og mellombels tilsetjing innanfor ramma av lov- og avtaleverk
- ein prosedyre knytt til utlysing av stillingar for å vurdere om ulike arbeidskraftbehov er mogleg å setje saman til større stillingar.

Føretaket har også gjennomgått registreringspraksis i lønssystema for å sikre korrekt rapportering.

Målingar føretaket har gjort viser at arbeidskraftspotensialet målt med kartleggingssystemet er redusert frå 66,38 årsverk i juli 2011 til 23 årsverk i januar 2012.

I perioden desember 2010 til desember 2011 har det blitt 63 færre deltidstilsette i føretaket (frå 3143 til 3080), samstundes som det har blitt 589 fleire heiltidstilsette (frå 4790 til 5379). I same periode har det blitt 311 færre mellombels tilsette (frå 4054 til 3743), og 268 fleire fast tilsette (frå 8204 til 8472).

Tilrettelegging for gravide med jordmor som rådgjevar, som nemnt under avsnittet om arbeidsmiljø, er eit satsingsområde som i tillegg til arbeidsmiljø- og helsevinstar, er positivt når det gjeld livsfasepolitikken og gjer det lettare å kombinere familie og karriere.

Føretaket arrangerer jamleg fagdagar for ungdom i 15-årsalderen, og det er planlagt ein eigen fagdag for gutar med fokus på rekruttering av gutar til helseyrke.

Helse Bergen har som mål å ha mellom 6 og 10 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn. Siste tilgjengelege rapport frå SSB, 4. kvartal 2010, viser totalt 8,8 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn, av dei er 4,7 prosent ikkje-vestlege. Siste kvartal i 2009 var tala 8,2 og 4,4 prosent, i 2008 7,9 og 4,5 prosent, og i 2007 var tala 7,4 og 4,3 prosent.

Stillingsannonsane til Helse Bergen inneheld formulering om at føretaket så langt som råd skal avspegle mangfaldet i befolkninga. Likeverdig behandling er eit eige fokusområde i rekrutteringsprosessar og rutinar, og i samband med opplæring og rettleiing av leiarar på dette området.

Føretaket har i 2011 halde fram med samarbeidet som starta i 2008 med Bergen kommune og fleire andre store arbeidsgjevarar og offentlege instansar om auka rekruttering og integrering av innvandrarar.

Eininga Hospitaldrift har sidan 2010 samarbeidd med NAV i samband med arbeidsmarknadskurs for personar med innvandrarbakgrunn. Kurset tilbyr arbeidspraksis kombinert med språkopplæring, og Hospitaldrift bidreg med praksisplassar til kursdeltakarane.

Andre tiltak som kan nemnast er: årlege arrangement i samarbeid med Bergen kommune for innvandrarar utan fast tilknytning til arbeidslivet og som ønskjer å gjere seg kjende med sjukehuset som arbeidsplass, deltaking på internasjonalt karrieretorg i regi av Bergen Næringsråd, rutinar for bruk av hijab for dei som av kulturelle og religiøse årsaker ønskjer å nytte dette hovudplagget i arbeidstida, og tilrettelegging for bøn i løpet av arbeidsdagen, så langt dette er mogleg.

Føretaket har prosedyre for konflikthandtering, mobbing og trakassering, tema som også er ein del av HMT-opplæringa.

Miljø


Det vart i 2011 arbeidd med å utvikle system for miljøleing, og Helse Bergen har som mål å verte miljøsertifisert etter ISO 14001 innan 2013. Drift-teknisk divisjon er alt miljøsertifisert etter denne standarden. Føretaket deltok som pilot i arbeidet med miljøsertifisering i det nasjonale prosjektet *Miljø- og klimatiltak i spesialisthelsetenesta*. Det nasjonale prosjektet har fire delprosjekt, og delprosjekt bygg og miljø har to representantar frå Helse Bergen.

Hausten 2011 vedtok føretaket miljøpolitikk, miljømål og miljøindikatorar med tilhøyrande tiltak. Mange av einingane har også gjennomført kartlegging av miljøaspekt, sett seg miljømål og utarbeidd handlingsplan.

Det er gjennomført 10 internrevisjonar i det ytre miljøet, dei fleste i Drift-teknisk divisjon.

Nedanfor vert resultat for miljømål og utvalde miljøindikatorar presenterte.

Mål	Indikator	Resultat						
Ha miljøbevisste medarbeidarar	Medarbeidarar bestått e-læringskurset ytre miljø	Det er 867 medarbeidarar som har bestått e-læringskurset Ytre miljø. Ytre miljø inngår i HMT-kurs for leiarar og verneombod. Det årlege miljøseminaret for miljøkoordinatorane vart arrangert hausten 2011. Det er også utarbeidd klimarekneskap og miljørapport.						
Redusere utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn	Talet på videokonferansar	<table border="1"> <tr> <td>2008</td> <td>158</td> </tr> <tr> <td>2009</td> <td>141</td> </tr> <tr> <td>2010</td> <td>246</td> </tr> </table>	2008	158	2009	141	2010	246
2008	158							
2009	141							
2010	246							

		2011 375 Det er ein jamn auke i bruk av videokonferanse.																				
	Storleiken på restavfall av total mengde avfall	2009 68 2010 66 2011 58 Tabellen syner ein jamn nedgang av restavfall.																				
Redusere miljøpåverknaden frå produkt	Talet på substitusjonsvurderingar i bygg	42 substitusjonsvurderingar Kronstad DPS (under bygging) Etter Produktkontrollova, pliktar alle som bruker produkt som kan innehalde helse- og miljøfarlege stoff (bl.a. byggherrar og entreprenørar) å vurdere om produkta kan erstattast med mindre skadelege alternativ (substitusjonsplikta).																				
	Talet på anbod med miljøkrav av totale anbod	33 anbod med miljøkrav av 44 anbod (Skal-krav eller som tildelingskriterium i evalueringa)																				
Redusere ressursforbruket	kWh/ m ²	 <p style="text-align: center;">Energiforbruk/ kvadratmeter</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>År</th> <th>Energiforbruk (kWh/m²)</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>2003</td><td>392</td></tr> <tr><td>2004</td><td>388</td></tr> <tr><td>2005</td><td>365</td></tr> <tr><td>2006</td><td>355</td></tr> <tr><td>2007</td><td>358</td></tr> <tr><td>2008</td><td>343</td></tr> <tr><td>2009</td><td>348</td></tr> <tr><td>2010</td><td>348</td></tr> <tr><td>2011</td><td>339</td></tr> </tbody> </table>	År	Energiforbruk (kWh/m ²)	2003	392	2004	388	2005	365	2006	355	2007	358	2008	343	2009	348	2010	348	2011	339
År	Energiforbruk (kWh/m ²)																					
2003	392																					
2004	388																					
2005	365																					
2006	355																					
2007	358																					
2008	343																					
2009	348																					
2010	348																					
2011	339																					

Rekneskapen

Resultatutvikling

(tala i parentes er for 2010)

Rekneskapsåret 2011 er det tiande driftsåret til Helse Bergen. Føretaket får midlar frå staten, delvis som faste tilskot til dekning av drift, beredskap og infrastruktur, og delvis som innsattsstyrt finansiering (ISF) basert på prising av utførte tenester. Totale inntekter i 2011 var 8 465 millionar kroner (7 411 millionar kroner), av dette var 2 376 millionar kroner aktivitetsbasert (ISF, m.m.), 5 605 millionar kroner var rammefinansiering og dei resterande 483 millionar kronene var andre inntekter.

Helse Bergen fekk eit årsresultat i 2011 på kroner 153.750.665. Ut frå eit budsjett på 140 millionar kroner gjev dette eit positivt avvik samanlikna med budsjettet på kroner 13.750.665. Føretaket har som oppgåve å yte helsetenester innanfor ramma av tildelte ressursar (budsjett). Med tanke på å oppretthalde aktivitetsnivået til føretaket og å behalde ei solid finansiell stilling, er eit overskot tilfredsstillande.

Balanse

Netto likviditetsbeholdning per 31.12.2011 var minus 780 millionar kroner (minus 871 millionar kroner), av dette bundne skattemidlar på 185 millionar kroner. Totalkapitalen i

Føretaket utgjorde 7 978 millionar kroner per 31.12.2011 (7 760 millionar kroner). Balanseført eigenkapital per 31.12.2011 var 3 503 millionar kroner, eller 43,9 prosent av totalkapitalen (3 349 millionar kroner og 43,2 prosent). Føretaket har lån frå Helse Vest RHF på totalt 2 329 millionar kroner ved utgangen av 2011. Dette er delvis finansiering av investeringar, men også finansiering av underskot dei siste åra.

Anleggsmidler

I 2011 er det ikkje teke i bruk større nybygg. Det er gjennomført nokre ombyggingsprosjekt (Administrasjonsbygget, Kvinneklinikken, Dr. Martens) der bygget/anlegget er teke i bruk. Nytt hybelhus og nytt fjøs på Floen er ferdigstilte og tekne i bruk.

I 2011 er arbeidet med det nye senteret for barn, unge og psykosomatisk medisin ført vidare og eit omfattande grunnarbeid godt i gang. Første byggjetrinn inneheld lokale til barne- og ungdomspsykiatrien og har ei kostnadsramme på 1 443 millionar kroner. Byggjetrinnet skal også innehalde "Barnas energisenter", der fokuset er fysisk aktivitet for barn og unge. Fase ein skal stå ferdig i 2015-2016. Psykiatrisk klinikk frå 1966 vart rive hausten 2011 for å få plass til byggjetrinn ein som skal byggjast nord for Sentralblokka. Barneklinikken skal rivast før andre byggjetrinn. Det skal innehalde dei somatiske funksjonane for barn og unge. Helse Bergen fekk i statsbudsjettet for 2011 eit tilsegn om lån på 700 millionar kroner til byggetrinn I.

Bygging av nytt bygg for Kronstad DPS på Danmarks plass har hatt god framdrift i 2011 og vil etter planen vere ferdigstilt februar 2013. Bygget har ei samla kostnadsramme på 410 millionar kroner. Bygging av nytt psykiatribygg på Sandvikenområdet (psykose-bygget) har hatt framdrift i samsvar med plan og vil verte teke i bruk i 2012. Kostnadsramma for dette er 86 millionar kroner.

Av anleggsmiddel er det selt nokre ambulansar, lastebilar og bilar. Samla innbetaling er 887 000 kroner.

Finansiell stilling

Føretaket overtok 1.1.2002 driftsrelaterte aktiva og passiva som Hordaland fylkeskommune åtte tidlegare. Desse eigedelane er skotne inn som eigenkapital i Helse Bergen av Helse Vest RHF, og er ført opp med ein kostpris på 6 143 millionar kroner.

Føretaket har såleis ein betydeleg eigenkapital. Eigenkapitalandelen 31.12.2011 er på 43,9 prosent, og total renteberande gjeld er 2 329 millionar kroner. Selskapet har i sitt langtidsbudsjett lagt til grunn overskot på drift for å sikre handtering av pågåande og planlagde investeringar. Tilfredstillande handtering av den finansielle risikoen er lagt til grunn i langtidsbudsjettet.

Utsiktene til føretaket

Etterspørselen etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske forhold og nye behandlingstilbod. Verksemda har såleis eit godt fundament for framtidig aktivitet, også sett i lys av at gjeldande pasientlovgjeving gjev pasientane rett til helsehjelp innan gjevne fristar. Selskapet si økonomiske stilling har utvikla seg positivt også i 2011. Dette saman med gode

utsikter for aktiviteten gjer at styret kan stadfeste at føresetnaden for framtidig drift er til stades.


Betydeleg innsats er lagt ned for å innfri dei økonomiske krava, framleis står det igjen mange utfordringar. Ein positiv konsekvens av overskotet i 2011 er at det vil føre til meir pengar til investeringar i 2012. Overskot gjev føretaket handlingsrom til å utvikle verksemda til beste for pasientane.

Helse Bergen inngjekk avtale med Blå Kors Vest a.s om overtaking av Blå Kors Askøy pr. 1.3.2011. Avtalen medførte at Helse Bergen overtok drifta av institusjonen med alle tilsette. Samstundes vart det inngått avtale om leige av eigedom med Blå Kors Eigedom for nødvendige lokale på Askøy. Helse Bergen har med dette sikra seg større kapasitet til behandling av pasientar med rusrelaterte diagnosar for framtida. Med dette har føretaket redusert faren for auke i ventetider, fristbrot og tilhøyrande økonomisk risiko innanfor avdeling for rusmedisin.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet gav eit overskot på kroner 153.750.665, og styret foreslår for føretaksmøtet at dette vert ført med kroner 153.750.665 mot annan eigenkapital.

Bergen 26.4.2012



Ranveig Frøiland
styreleiar


Sigurd Hille
nestleiar



Ivar Eriksen



Signy Midtbø Riisnes



Oddny Miljeteig


Liv Røssland



Gisle Handeland


Bente Pilskog


Arvid Langeland


Brita Ommedal Tarberg


Kjell Vikenes


Stener Kvinnsland
administrerende direktør

Til føretaksmøtet i
Helse Bergen HF.

REVISOR SI MELDING

Utsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Helse Bergen HF, som er samansett av balanse per 31. desember 2011, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei utgreiing av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi fylgjer etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilfredsstillande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Helse Bergen HF per 31. desember 2011 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at styret og dagleg leiar har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Stavanger, 26. april 2012

ERNST & YOUNG AS



Nicolai Homme

statsautorisert revisor